

SAL & SCENE er eit fag der vi arbeider med å planlegge og gjennomføre fleire framsyningar, både små og store. Elevane skal difor delta på scena som skodespelarar, songarar eller dansarar, og dessutan delta i førebuingane som regissørar/produsentar, lys-/lydteknikarar, komponistar, tekstforfattarar, koreografar eller kostyme- og kulissemakarar. Vurderinga av dette arbeidet skjer både undervegs gjennom observasjon og ved framføring. Generelle karakterkjenneteikn for dette arbeidet er vist under:

6

- formidlar mange idear til produksjonar ved hjelp av dialog, skisser, demonstrasjonar og døme
- samarbeider, lyttar til og tilpassar seg andre deltakarar
- kan planlegge og gjennomføre ein ferdig konsert for eit publikum
- utfører eigendefinerte og tildelte oppgåver i samarbeid med andre
- inngår avtalar om ansvarsfordeling og tidsfristar for å gjennomføre oppgåver
- held orden og brukar teknisk utstyr på ein profesjonell måte
- kan vurdere forbetringar på bakgrunn av tilbakemeldingar og eigen refleksjon
- framfører musikk, dans eller drama for eit publikum med svært høg kvalitet i form av ulike typar framføringar

5

- formidlar idear til produksjonar ved hjelp av dialog og skisser
- samarbeider og lyttar til andre deltakarar
- kan planlegge og gjennomføre ein ferdig konsert for eit publikum
- utfører avtalte og tildelte oppgåver i samarbeid med andre
- inngår avtalar om ansvarsfordeling og tidsfristar for å gjennomføre oppgåver
- held orden og brukar teknisk utstyr
- kan vurdere forbetringar på bakgrunn av tilbakemeldingar og refleksjon
- framfører musikk, dans eller drama for eit publikum med høg kvalitet i form av ulike typar framføringar

4

- formidlar nokre idear til produksjonar
- samarbeider og lyttar til andre deltakarar
- kan planlegge og gjennomføre ein ferdig konsert for eit publikum
- utfører avtalte og tildelte oppgåver i samarbeid med andre
- held tidsfristar og avtalar for avtalte oppgåver
- held delvis orden på teknisk utstyr, men bruker det ikkje aktivt sjølv
- framfører musikk, dans eller drama for eit publikum med grei kvalitet

3

- viser i mindre grad evner gjennom dialog, skisser, demonstrasjonar og døme
- verker lite interessert og må stadig motiverast
- klarar berre delvis å henge med i planlegging og gjennomføring av førestillinger
- forhold seg ikkje til avtalte og tildelte oppgåver
- viser i lita grad engasjement i forhold til å stadig bli betre
- brukar eller nyttiggjer seg ikkje av teknisk utstyr
- framfører sporadisk musikk, dans eller drama for eit publikum

2

- viser i litan grad evner gjennom dialog, skisser, demonstrasjonar og døme
- verker svært lite interessert og må stadig motiverast
- klarar ikkje å henge med i planlegging og gjennomføring av førestillinger
- forhold seg ikkje til avtalte og tildelte oppgåver
- viser ingen engasjement i forhold til å stadig bli betre
- brukar eller nyttiggjer seg ikkje av teknisk utstyr
- framfører ikkje musikk, dans eller drama for eit publikum

1

- viser ingen fagleg tyngde og evner gjennom diskusjonar, samtalar og bruk av grunnelementa til musikken og faglege omgrep
- er tilstades i timane, men er heilt uinteressert, deltar ikkje